

Til

Klubbar avd. NORDFIJORD 2



INVITASJON TIL SELJECUP 2023 OG KONGLERIKET MINIPUTT-TURNERING

Selje Idrettspark søndag 11.juni

Selje IL ønsker alle miniputt-lag velkommen til Kongleriket miniputt-turnering 6-9år, som avslutning på årets Seljecup. Turneringa vil bli arrangert frå ca. kl.14.00-18.00.

Det er mogeleg å melde på lag i følgande klassar:

Gutar 6 år (3-ar)	Jenter 6 år (3-ar)
Gutar 7 år (3-ar)	Jenter 7 år (3-ar)
Gutar 8 år (5-ar)	Jenter 8 år (5-ar)
Gutar 9 år (5-ar)	Jenter 9 år (5-ar)

Vi oppfordrar om at klubbane melder på med reine jente/gutelag. Om de er for få spelarar, kan det avtalast å spele med færre spelarar på bana. Ved blanding av to årsklassar (eks. J 6/7 år) , bør laget meldast på i høgste årsklasse.

Informasjon og påmelding til turneringa: Informasjon om Seljecup 2023 og link til påmelding i

Profixio: <https://www.profixio.com/app/seljecup-2023>. Sjå cupens nettside: www.seljecup.no

Evt. spørsmål vedr. turneringa: post@seljefotball.no

Påmeldingsfrist: innan fredag 19.mai

Rundens hovudtema er «**Sunn idrettsmat**», der det blir sett eit ekstra fokus på sunne kioskalternativ på turneringsdagen. Aktive miniputtar treng rett «drivstoff» for å spele mange kampar i løpet av turneringa. Det er vi vaksne som har ansvar for å tilby god og næringsrik mat og drikke for å sikre påfyll av ny energi og fotballglede.

Vi ønsker at **Fair play** skal vere gjennomgåande i Kongleriket Miniputt-turneringa. Fair play helsing vil vere obligatorisk i alle kampar. Vi håpar alle vaksne som er tilstades opptrer som gode rollemodellar for miniputtane våre.

Vi oppmodar alle om å køyre forsvarleg og sikkert til turneringa, og ønsker alle klubbane velkomne til ein flott miniputt-søndag i Selje!

Med vennleg helsing

for Selje IL, Fotball

Atle Solheim



sparebanken
sogn og fjordane